

Å. leva det er å elska det beste di sjel fekk nå.

18.05.2019



Festleiarane Torbjørn Haugland og Karsten Bjørnebøle takkar Knut Førland for eit god og innhaldsrik tale.

**Knut Førland siterte Anders Vassbotn i talen sin på 17. mai i Uskedalen. Målet må vera eit betre liv for alle, mellom anna for ungdommen som slit med prestasjonspress og karakterjag. Inkludering og støtte er viktig, ikkje minst med tanke på dei som flyttar til landet og buset seg i Kvinnherad. Dette var noko av det Førland var innom i ein god tale til eit lydhøyrte publikum.**



Uskedal Skulemusikk med dirigent Tor Skeie Olsen spelar i Folketoget og i Aktivitetshuset.

Knut Førland roste Uskedalen for dugnadsånda og eldsjelene. Frå arbeidslivet nemnde han Hjørnevåg og Elins Matgleder, to verksemdar som satsar og med det skapar nye arbeidsplassar og gode bygder. Festidalen og Uskedalen.no er også to tiltak som gjer Uskedalen meir attraktiv.



Ingebjørg Eik og Gjermund Fredheim framførte to songar.

Ingebjørg Eik frå Rosendal framførte to songar med tonefylgje frå Gjermund Fredheim på gitar, ein av Sondre Djustad og ein av Odd Norstoga. Uskedal Musikklag og Røysterett for Alle sviktar ikkje på 17. mai. Det gjer heller ikkje Uskedal Skulemusikk med sin musikalske leiari, Tor Skeie Olsen.



Leikane for born og vaksne egasjerer alltid mange på 17. mai.

Å la to ungdomsskuleelevar frå 9. klasse, Karsten Bjørnebøle og Torbjørn Haugland, vera festleiarar i Aktivitetshuset er eit prima tiltak. Med gode røyster og litt humor er det noko festlyden set pris på. Leikar og premiar høyrer med på 17. mai. Det same med loddrekning på programmet.



På det bordet der Bjarte Døssland sat, vart det i forkant av trekninga sagt han han måtte sjå til å skaffa seg boka om Dokter Haugen. Straks etter vann han og gevinsten var: Dokter Haugen - lege i Kvinnherad 1934 - 1979.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Linea Myklebust Ripel og Nils Rainer Vågen fekk heider for 3 og 7 års medlemskap i Uskedal Skulemusikk.